Hun er førsteamanuensis både ved Institutt for samfunnsmedisin ved Universitetet i Tromsø og Senter for farmasi ved Universitetet i Bergen, der også medredaktør Anne Gerd Granås jobbet som førsteamanuensis på den tiden.

– Vi hadde aldri skrevet en lærebok før, «bare» vitenskapelige artikler. Men det vi først og fremst

tenkte var viktig, var å få fundert bokprosjektet i profesjonen. Alle de fem undervisningsstedene vi har her i landet måtte se behovet for boka og ønske å være med og bidra. At vi ikke skulle kunne skrive boka alene, var vi klare på.



– Å lese er en ensom aktivitet. Derfor må studentene få følelsen av at forfatteren snakker til nettopp dem, sier Jostein Gripsrud. (Foto: Paul Sigve Amundsen)

Men vi kunne redigere den, sier Kjersti Bakken.

Finner hullene på pensumlistene
Noen ganger kommer bokideen til forlaget. Andre ganger er det forlaget som går ut i verden med ideen.

– Det er noe av jobben vår, det å se hva som mangler av bøker. Vi leser pensumlister og ser om den består av mye engelskspråklig litteratur, diskuterer med fagfolk, forsøker å henge med på hva som kommer av nye læreplaner, og fanger opp rykter om at det for eksempel mangler en grunnbok i globalisering, forklarer Hege Gundersen i Universitetsforlaget.

For samfunnsfarmasiens del endte det med at Bakken og Granås sendte et brev til alle undervisningsstedene og fikk enstemmig tilbakemelding på at ja! Det behøves en lærebok. Og også: Ja! Vi vil være med og bidra.

Bakken og Granås utarbeidet dermed en finansieringsplan og en tempoplan.

– Så tok vi kontakt med Fagbokforlaget, ettersom de har en solid base her i Bergen. De syntes prosjektet var interessant, og dermed var vi i gang.

Søknad om støtte ble sendt til Lærebokutvalget for høyere utdanning og dessuten til de ulike universitetene, fag- og interesseorganisasjonene innen farmasi samt apotekkjedene.

Det hele kulminerte i et kick off-seminar, med to representanter fra hvert av undervisningsstedene, våren 2008.

– Der satt vi en hel dag og klistret gule lapper opp på veggen med momenter om hva vi mente burde være med i boka, hvem vi ville ha til å skrive de enkelte emnene, og hvordan.

Leseren og jeg

Jostein Gripsrud gjorde det helt motsatte da han bestemte seg for å skrive *Mediekultur, mediesamfunn*. Han tok med seg laptopen, dro til Paris og satte seg til i all sin ensomhet.

– Jeg bare skrev løs i en uke, av ren lyst, uten å slå opp i en eneste bok. Men jeg hadde undervist lenge i faget, og boka er basert på disse erfaringene. Det jeg skrev den uken, ble førsteutkastet til det første kapitlet, som handler om identitet. Og det ble et veldig viktig kapittel, for det er gjennom det jeg skaper en relasjon til leseren og inviterer dem med videre. Utover i boka er det nok ikke like mange morsomheter og ordspill som i dette innledningskapitlet, men du finner likevel en og annen påminnelse om den personlige tonen som jeg begynner med, sier Gripsrud.



– Vi har faktisk solgt mer enn 500 eksemplarer av *Samfunnsfarmasi* i år, sier Kjersti Bakken.
(Foto: Paul Sigve Amundsen)

Å skrive etter internetts inntog

Karianne Bjellås Gilje var Gripsruds første redaktør i Universitetsforlaget, den gangen på slutten av 1990-tallet. Siden har Bjellås Gilje markert seg som en av den norske sakprosaens fremste fanebærere – men også kritikere – gjen-

nom fem år som redaktør av tidsskriftet *Prosa*.

Hun mener at vi snart må ta inn over oss at det er annerledes å skrive lærebøker i dag enn det var før internett.

– Da jeg selv var student på midten av 1990-tallet, satt vi jo der med bøkene våre.

– Det er krevende å skrive bok, men det er nok enda mer krevende å skrive en bok med 25 forfattere!

KJERSTI BAKKEN, førsteamanuensis i farmasi ved universitetene i Tromsø og Bergen.



– I enkelte miljøer hører vi at «beklager, jeg skulle gjerne ha skrevet en lærebok, men jeg må produsere tellekantoeng nå», sier Hege Gundersen. (Foto: Anne Elisabeth Næss)

Vi tvang oss gjennom dem, streket under og forholdt oss til boka som et langt på vei sluttet verk. Det er en virkelighet vi ikke har lenger i dagens informasjonssamfunn. Derfor er utfordringen å lage enda bedre bøker, som holder på leserens konsentrasjon, og som oppleves som relevante for studentene.

Å gjøre en god fagperson til en god forfatter er en stor del av forlagsredaktør Hege Gundersens arbeid.

– Den som skriver, må ta på alvor at vedkommende er den faglige autoriteten som skal vise hvordan virkeligheten ser ut fra et visst perspektiv. Det blir dårlige lærebøker om man bare skal være diskuterende, uten en egen stemme. Det er her Jostein Gripsrud er så flink. Han gjør lite av de pedagogiske øvelsene, «nå skal jeg gjøre sånn og sånn». Men han skriver lett og samtidig med stor tyngde, sier Gundersen.

Manges bok

Å sy sammen det som skulle bli *Samfunnsfarmasi* viste seg å være en kjempejobb for de to redaktørene.

– Det er krevende å skrive bok, men det er nok enda mer krevende å skrive en bok med 25 forfattere! Kanskje var det ikke faglig nødvendig å være så mange om boka. Men slik fikk alle

undervisningsstedene og mange av lærerne som skulle benytte seg av *Samfunnsfarmasi*, et eierforhold til den, sier Kjersti Bakken.

Medforfatterne ble utstyrt med en kapittelmal som blant annet omfattet bruk av såkalte «refleksjonsbokser» i teksten, der studentene anbefales å stanse opp og reflektere rundt spørsmål som deretter belyses i teksten. Redak-

– Det blir dårlige lærebøker om man bare skal være diskuterende, uten en egen stemme.

HEGE GUNDERSSEN, redaktør i Universitetsforlaget.

– Jeg bare skrev løs i en uke, av ren lyst, uten å slå opp i en eneste bok.

JOSTEIN GRIPSRUD, professor i medievitenskap ved Universitetet i Bergen.

tørene brukte mye tid på å kutte tekst og å skape en helhet. Forlagets rolle var først og fremst å ta hensyn til økonomien og sette grenser for manus, for antall sider og illustrasjoner.

– I ettertid er det lett å se at noen ting likevel kunne vært gjort enda bedre. Men vi har tatt det første steget! Så får eventuelle kritikere bare skrive en bedre bok. Vi har for øvrig en nettside der vi oppfordrer leserne til å sende oss tilbakemeldinger på ting de ser kunne vært gjort annerledes eller bedre.

Omdiskuterte kompendier

Samfunnsfarmasi erstattet først og fremst engelskspråklig litteratur. Også i medievitenskap er det mye engelskspråklig på pensum, i tillegg til et vell av kompendier, en av lærebøkene sterkeste konkurrenter.

– Kompendiene er ofte lappverk av små, i seg selv gode tekster, men som mangler hode, hale og et helhetsperspektiv. Jeg husker da jeg selv var student, hvor frustrerende disse

kompendiene kunne være fordi tekstene innbyrdes ofte var motstridende. Selvfølgelig skal det være ulike stemmer på pensum. Men på innføringsplanet er målet at studentene skal leies inn i et nytt felt og få tak i noen grunnleggende sammenhenger, og da fungerer en god lærebok best, mener Hege Gundersen i Universitetsforlaget.

Gripsrud selv har ikke som mål å utkonkurrere kompendiene.

– Ofte er det lettere å forstå Freud enn å forstå freudianere. Fordelen med kompendiene er at studentene får lest tekster rett fra forskningsfronten, og et slikt møte bør inngå i et akademisk studium. Det ville vært uheldig selv på 100-nivået, altså blant førsteårsstudentene, om pensum bare bestod av lærebøker.

I motsetning til *Samfunnsfarmasi* har *Mediekultur*, *mediesamfunn* flere konkurrenter, også blant norske lærebøker.

– Bare her på instituttet har Helge Østbye og Ture Schwebs kommet med *Media i samfunnet*, som er en direkte konkurrent til min bok. Og det er en god bok, det også. Men det jeg har gjort, er å gjøre bruk av min humanistiske bakgrunn og legge vekt på klassiske, tekstvitenskapelige teorier som retorikk, hermeneutikk, semiotikk og fortellingslære. Dette er stoff og innsikter som går flere hundre år tilbake, og som ennå vil bli stående lenge. Det gjør at boka nok ennå vil overleve en stund. Jeg må bare sørge for å oppdatere eksemplene. Ally McBeal fungerer for eksempel ikke lenger som referanse overfor dagens studenter.

En fjerde utgave av boka er derfor rett rundt hjørnet.

Ingen poeng, men kanskje peng'

Kjersti Bakken har fått mersmak på å skrive bøker.

– Bare det å få skrive på sitt eget språk var en god opplevelse. Og så var det gøy å få framstille et fagområde som man brenner for, og få muligheten til å tenke helhet rundt det.

Men rik blir hun neppe, i alle fall ikke på *Samfunnsfarmasi*.

– Der er vi 25 forfattere som skal dele på royalties. Og med to hundre nye studenter i året er markedet for boka begrenset. Ikke får vi publikasjonspoeng heller. Det er for meg et alvorlig tankekors at man ikke får noe uttelling for å skrive en lærebok som legger grunnlaget for i det hele tatt å skape nye forskere, sier hun.

Jostein Gripsrud plages derimot ikke av mangelen på publikasjonspoeng.



35 år tok det faget å få en egen lærebok på norsk.

– Nei, man får kanskje ikke poeng, men peng'! Jeg har tjent ok på *Mediekultur*, *mediesamfunn*, i alle fall sammenlignet med hva man tjener på å skrive engelskspråklige bøker. Om du skriver sakprosa på norsk, blir du dessuten tatt inn i den literære varmen. Du blir sendt rundt for å

holde forelesninger og blir gjerne invitert til å skrive i mediene eller å bli intervjuet, og det er stas. Det finnes med andre ord andre stimulanter enn tellekantsystemet for å skrive på norsk, og det synes jeg er et poeng å få med. ■

Hva er oppskriften på en god lærebok?



KJERSTI BRATTEKÅS
Bachelorstudent i internasjonale studier, UiO

– Den må være oversiktlig. Forfatteren må ha et klart mål for hva vedkommende vil formidle. Og så er det veldig greit med oppsummeringer etter hvert kapittel.



TORGEIR OUS
Bachelorstudent i informatikk, UiO

– Jeg kjeder meg fort når jeg leser en bok, så jeg liker bøker med mange praktiske oppgaver og mindre tekst og teori.



PETTER MELNÆS
Bachelorstudent i historie, UiO

– De beste forfatterne er de som skriver om vanskelige ting på en enkel måte. Jeg liker når det er en klar og logisk struktur.

Suksesskriteriene

Funderer du på å skrive lærebok? Her er forfatternes og foreleggernes råd:

JOSTEIN GRIPSRUD: – Tenk etter om undervisningen som du har drevet på feltet, har vært en positiv erfaring. Har man hatt en god dialog med studentene, og har de fått gode resultater? Da bør du i så fall forsøke å ta med deg det som lar seg bringe inn i skriftlig framstilling. Og så må man være nøye med det faglige. Sørg for at alt er solid, korrekt og akkurat passe forenklet.

KJERSTI BAKKEN: – Tenk gjennom om du har tilstrekkelig med idealisme og entusiasme for prosjektet, og at du har den nødvendige stayerevnen til å komme i mål. Og så tror jeg det er klokt å forankre boka i fagmiljøet og i undervisningsinstitusjonene.

HEGE GUNDERSEN: – Ta leseren på alvor, sørg for å ha både de nødvendige faglige kvaliteter, oversikten og autoriteten. Og så handler det til syvende og sist om formidlingens «it»-faktor, om blandingen av engasjement og retorisk velformulerhet.



EUROPA

Arbeidserfaring = jobb

■ Arbeidserfaring er av avgjørende betydning når nye ansatte skal rekrutteres. Det oppgir 87 prosent av de over 7000 arbeidsgiverne fra 31 land som er intervjuet i undersøkelsen Eurobarometer. Fire av ti mener også at å innføre mer praksis i studieløpet er det beste utdanningsinstitusjonene kan gjøre for å bedre sine kandidaters jobbmuligheter. Høyt verdsatt er i tillegg språkkunnskaper og «myke» ferdigheter som kommunikasjons-, samarbeids- og tilpasningsevne, melder Europakommisjonen.

ITALIA

Pauseår i næringslivet?

■ Italienerne ønsker å øke kunnskapsoverføringen mellom universitet og næringsliv, melder nettstedet TGCOM. For å få til det skal forskere kunne gå over til privat sektor i inntil fem år uten å miste sin stilling ved universitetet. Ordningen er en av flere reformer som nylig ble vedtatt av parlamentet. Blant de andre endringene er nye regler for finansiering: I framtiden er det kvaliteten på forskningen og utdanningen som skal avgjøre hvor mye støtte utdanningsinstitusjonene tildeles.



STORBRITANNIA

Gir bort forskningen gratis

■ The University of Glasgow (bildet) har bestemt seg for å la britiske bedrifter kostnadsfritt benytte seg av universitetets forskning. Unntaket er forskning som er privat finansiert, skriver Financial Times. Slik ønsker universitetet både å styrke sin forskningsprofil og å hjelpe britiske bedrifter. Ordningen fungerer slik at en bedrift som kan bevise at de kan bruke et gitt forskningsfunn kommersielt, vil få enerett til dette. Dersom bedriften innen et avtalt tidsrom ikke oppnår resultater, kan universitetet fritt tilby forskningen til andre.

SVERIGE

Lite effektive fjernstudier

■ Fjernstudier er blitt svært populært. Men fjernstudenter avlegger langt færre av sine planlagte studiepoeng enn andre studenter, viser en ny kartlegging gjort av Högscoleverket. I snitt fullfører svenske studenter 79 prosent av studiene de er oppmeldt i. For fjernstudenter er andelen 56 prosent. I 2009 viste det seg dessuten at så mange som en tredjedel av de 80 000 fjernstudentene ikke avla et eneste studiepoeng.



AFRIKA


Får økonomisk støtte fra EU

■ EU har satt av 35 millioner euro til å utvide det panafrikanske stipendprogrammet the Mwalimu Nyerere African Scholarship Scheme. Programmet er opprettet for å motivere hjerneflukt og for å styrke studentmobiliteten innad på kontinentet, skriver Universityworldnews.com. EU-midlene skal brukes til å finansiere stipender til rundt 250 masterstudenter som ønsker å studere i et annet afrikansk land enn sitt eget.

USA

Utdanning som ideologisk våpen

■ Dokumenter publisert av WikiLeaks viser hvordan USA og andre land bruker høyere utdanning som middel for å nå politiske og ideologiske mål. Bekjempelse av islamisme er et særlig gjennomgangstema hos amerikanske diplomater i Europa og Midtøsten, skriver The Chronicle of Higher Education. Diplomaterne mener det er viktig å sikre muslimer utdanningsmuligheter som kan hindre dem fra å føle seg politisk eller økonomisk marginalisert. I tillegg ser de for seg at utdanningen kan brukes til å promotere såkalte vestlige verdier.



STORBRITANNIA


Krever arbeidslivsrelevante studier

■ Flere britiske utdanningsinstitusjoner går nå inn for å gjøre studentene mer attraktive på arbeidsmarkedet. Lenge har praktiske kurs vært en del av yrkesutdanninger som ingeniørstudiet. Men nå utvides ordningen til også å gjelde andre typer fag, som for eksempel litteraturvitenskap. Endringen kan ses i sammenheng med de radikalt økte studieavgiftene landets studenter må ut med, skriver the Guardian. Dersom studentene skal klare å betale tilbake høye studielån er de avhengige av godt betalt arbeid.

VERDEN

Alle tjener på at noen tar utdanning

■ Det er ikke bare de som selv tar høyere utdanning, som kan høste fruktene av denne. I boken *Higher Learning, Greater Good: The Private and Social Benefits of Higher Education* viser prof. em. Walter W. McMahon (bildet) hvordan hele samfunnet tjener på at noen tar utdanning. Blant gevinstene er mindre kriminalitet og høyere politisk stabilitet. Dette taler ifølge McMahon for at det offentlige bør spille en viktig rolle i finansieringen av høyere utdanning, melder Times Higher Education.



EUROPA

Mindre selvstyre for universitetene

■ Pengeløse europeiske universiteter får ikke bare mindre penger å rutte med, de får også mindre selvstyre som følge av finanskrisen. Det er blant konklusjonene i en rapport fra European University Association (EUA). I økende grad er offentlig finansiering underlagt vilkår for bruk eller fulgt av voksende rapporteringskrav. Og ifølge EUA vil for mye innblanding i universitetenes drift hindre dem i å komme gjennom finanskrisen på en vellykket måte. Aller dårligst står det til i Sentral- og Sør-Europa, skriver University Post.



AFRIKA

Når ikke tusenårsmål om likestilling

■ De fleste landene i Afrika vil sannsynligvis ikke nå FN's tusenårsmål om likestilling i høyere utdanning innen 2015. Det framgår av den nylig publiserte rapporten *Assessing Progress in Africa Toward the Millennium Development Goals*. De tre landene som i dag ligger best an når det gjelder kvinneandel i høyere utdanning, er Tunisia, Marokko og Tanzania, melder African Development Bank Group.

TYSKLAND

Stor misnøye med Bologna

■ Mange tyskere lengter tilbake til tiden før Bologna-prosessen standardiseringer, melder *Süddeutsche Zeitung*. En rekke tyske universiteter og høyskoler har nå besluttet å forlenge flere av sine bachelorprogram med ett eller to semester, tilsvarende lengden på laveregradsstudier før Bologna. Den ekstra tiden skal blant annet kunne brukes til utenlandsopphold og praksis. Ved landets tekniske universiteter drives det samtidig en kampanje for å få tilbake den gamle diplomingeniørtittelen, som nå er erstattet med master.



TAIWAN

Ser nytten av utenlandske studenter

■ Engelskspråklige kurs ved universitetene antas av Taiwans president Ma Ying-Jeou å kunne tiltrekke studenter fra Kina og andre asiatiske land som ellers ville ha reist til Storbritannia, Australia og USA. Taiwanske universiteter sliter i dag med rekrutteringen av demografiske årsaker, men forslaget dreier seg vel så mye om noe annet, skriver *Universityworldnews.com*: Taiwan ønsker å øke sin internasjonale innflytelse, og tanken er at de utenlandske studentene vil fungere som taiwanske «ambassadører» i sine hjemland.



ASIA

Styrker forsknings-samarbeidet

■ Stadig flere asiatiske land går sammen om å styrke verdensdelens forskning og høyere utdanning, melder *Universityworldnews.com*. Nylig ble de ti sørasiatiske landene i Association of Southeast Asian Nations (ASEAN) enige om å opprette flere felles såkalte clusterer for å forske på regionens utfordringer. De tre første clusterne vil fokusere på spørsmål relatert til helse, agrikultur og miljø.

DANMARK

Milliardkutt på vei

■ Fra og med 2013 vil de danske universitetene årlig rammes av nedskjæringer på 2,5 milliarder danske kroner. Det viser en utregning foretatt av interesseorganisasjonen Danske Universiteter. En av årsakene er at nedgangen i landets økonomi har ført til at investeringene i forskning har overskredet én prosent av BNP. På toppen av andre kutt er det vedtatt at investeringsnivået skal tilbakestilles til én prosent, melder Ministeriet for videnskap, teknologi og utvikling.





SAMTIDIG, PÅ JÆREN:

INGER UNDHEIM¹ I SAMTALE MED PER ANDERS TODAL.
FOTO: HUNG NGO

Garborgane har gått inn i si tid. Arne og Hulda kan by på «Lymfedrenasje med vakuum for 895 kroner», opplyser skiltet i førsteetasjen til Forum Jæren, den einaste skyskraparen på Bryne. Men det er ikkje lymfedrenasjen til Arne og Hulda Frisør & Hudpleie eg er ute etter. Original-Arne baud på sterkare lut: *Sandheden – Sandheden, om den saa skal føre til Helvede!*

På andre sida av høgblokka ligg det flunkande nye Time bibliotek. Og over der att skal snart Arne og Hulda få sin nye heim. Garborgsenteret² opnar først neste år, men her er allereie hender og hovud i arbeid.

Inger Undheim, leiar for senteret, tek meg med rundt i lokala. Kontora er innreidde og i bruk, utstillingssalen ventar på at noko skal skje. Undheim peiker og teiknar med hendene i det store, tomme utstillingslokalet og viser korleis Hulda og Arne skal presenterast, og korleis gjestene skal utfordrast. Det blir *interaktivt*, dette. Og digitalt. Senteret skal bli ein levande stad som inviterer til aktivitet og rørsle, ikkje berre daude plansjar, forsikrar Undheim.

Ho har levd med Garborgane så lenge. Tettast og lengst med Arne.

– Eg kjende at eg kom veldig tett innpå han ein sommar i studietida da eg arbeidde som vert i Garborgheimen. Eg sat i stova der og las *Fred* ein sommar. Å lese den boka i huset der familien til Garborg hadde levd – det var ei sterk oppleving. Sidan da har Arne Garborg vore med meg heile tida, seier Undheim. Ho kallar seg ein Garborg-nerd. Det finst ein del slike herikring. I slutten av januar var det Garborg-veke og feiring av 160-årsdagen til Arne, med foredrag, boklansering og *Haugtussa*-oppsetjing.

– *De har eit godt utgangspunkt for formidlinga dykkar lokalt. Det finst ikkje mange stader i Noreg der så mange i lokalsamfunnet har eit levande forhold til ein forfattarhelt.*

– Det er nok sant. Folk i Time er stolte over at ein stor diktar kom frå kommunen deira. Vi som bur her, har gjerne fått eit forhold til Garborg som ein naturleg del av oppveksten. Ungane på Jæren er på skulebesøk

i Garborgheimen, og det er ein sjølvsgd ting for dei å syngje «Småsporven». Så her ligg det til rette for at folk kan finne Arne – om dei da ikkje blir tvinga til å lese *Bondestudentar* på vidaregåande. Det kan øydeleggje mykje om folk må lese ein roman dei ikkje har føresetnader til å forstå.

Sjølvs fann Undheim rytmen med romanane til Arne Garborg. Ho skreiv tilmed hovudfagsoppgåva si i nordisk om sjølvframstilling i *Den burtkomne Faderen*, og las mellom anna boka gjennom teoriane til Michel Foucault. Men akademisk disseksjon har ikkje drepe kjærleiken hennar til bøkene.

– Sjølv om du har ein vitskapleg innfallsvinkel til lesinga, kan litteraturen framleis røre deg emosjonelt. Det er som med musikk: Når du studerer det, får du større omgrepsapparat for å forklare kvifor noko verkar på deg.

Ho oppdaga bøkene til Arne først, men Hulda imponerer minst like mykje, forsikrar Undheim.

– Som andre kvinnelege forfattarar har Hulda vorte undervurdert, sikkert meir fordi ho var kona til ein stor diktar. Men ho skreiv 30 romanar og 13 skodespel, og var ei kvinne eg beundrar djupt. Ho besøkte kvar avkrok i Noreg med turneane sine, reiste i Europa og til USA, der ho vart ein forkjempar for indianarane sine rettar. Ikkje minst kan motet til Hulda framleis imponere og inspirere, meiner Undheim.

– Tenk på alle kampane ho kjempa! Ti prosent av befolkninga i Oslo deltok i si tid på ein demonstrasjon mot Det Norske Teatret, for kva hadde vel landsmålet på ei teaterscene i hovudstaden å gjere? Slikt sinne er vanskeleg for oss å forstå. Og Hulda skreiv om kvinner med eit driftsliv, noko som provoserte intenst i samtida, seier Undheim.

Kvinnelege drifter har Noreg meir toleranse for i dag. Nye kulturhus blir derimot alltid omstridde, så òg Garborgsenteret. Debatten var hissig lokalt, regionalt og til dels nasjonalt, og handla først og fremst om lokaliseringa: Var det rett å leggje eit slikt kulturhus inn i det sterile bymiljøet ved Forum Jæren? Var det ikkje ein hån mot det radikale paret å plassere senteret deira i eit slikt kommersielt miljø? Sjølv seint i prosessen vart det kasta fram alternativ, og det kom tilmed tilbod om gratis tomt nær Garborgheimen.

Men politikanane i Time stod på vedtaket sitt frå 2005. Senteret skulle liggje i Bryne sentrum saman med det nye biblioteket. «Dei kri-

1 Inger Undheim har vore leiar for Nasjonalt Garborgsenter på Bryne sidan oktober i fjor. Ho er 35 år gammal, har hovudfag i nordisk frå Universitetet i Bergen og er tidlegare leiar av Time Mållag.

2 Time Mållag tok initiativet til eit Garborgsenter etter 150-årsjubileet for Arne Garborg i 2001. Frå 2006 dreiv Time kommune prosjektet, og sidan 2008 har Jærmuseet hatt ansvaret. Nasjonalt Garborgsenter er no organisert som ei avdeling under Jærmuseet.



tiske røystene i denne saka er få, men høge», skreiv kommunestyret til kulturminister Huitfeldt så seint som i november 2009.

Som lokal mållagsleiar talte Inger Undheim varmt for lokaliseringa i sentrum – lenge før ho vart tilsett ved Garborgsenteret.

– Det blir fort ein del slagord som kjem fram når eg skal snakke om dette. Men eg synest faktisk det er viktig å ha ein låg terskel og ha eit senter som er lett tilgjengeleg, ikkje eit senter til pynt. Alle nye kulturhus vekkjer engasjement. Det var mykje krangel om Hamsunsenteret òg. Der valde dei motsett løysing. Dei laga eit praktbygg på Hamarøy, vi fekk eit brukshus i byen. Men Hamarøy er ein turistmagnet i seg sjølv, og Hamsun er meir kjend enn Arne og Hulda. Å leggje senteret vårt til Knudaheio³ eller Garborgheimen ville ikkje vere realistisk. Vi kunne ikkje drive og busse folk ut dit, seier Undheim.

– Dette skal ikkje vere noko gudshus for Garborgane, men eit bruks- hus, og vi skal bidra til å skape samfunnsengasjement. Vi har ei opp- gåve utover å konservere dei to forfattarane.

– Knudaheio og Garborgheimen fyller jo uansett funksjonen som valfarts-

stader. Men kva forhold har du til forfattarheimar som museum? Eg synest ofte at det er noko nekrofilt og lite opplysnande over slike stader.

– Det er eit spørsmål om ulike formidlingsmåtar der òg. Du kan stille ut nett slik det var da forfattaren levde. Det kan vere tidshistorisk interessant og seie noko om personane som budde der ...

– Hulda skreiv om kvinner med eit driftsliv, noko som provoserte intenst i samtida.

Brått sloknar lyset over skrivebor- det til Undheim. Ho orsakar seg, reiser seg og viftar under lampa. Ein må røre seg innimellom for at ikkje lyset skal slokne, forklarar ho. Det er eit enøktiltak. Og eit godt apropos til samtalen. Vi må røre

oss, elles blir det mørkt. Rørsla vekkjer lampa til live. Inger Undheim held fram.

– Barndomsheimen til Garborg er eit stilreint jærhus, eit godt døme på lokal byggeskikk som det er viktig å ta vare på. Men det er ikkje som Maihaugen, der du møter bonden anno 1890 på tunet. Eg trur ikkje du kjem til å treffe ein mann som føresteller Enok Hove i Garborgheimen.

– Hu, ein uhyggeleg idé.

– Men det må menneskeleg formidling til for å få fram det historisk spennande på slike stader. Kjem du til Knudaheio utan formidlar, ser du ikkje så mykje anna enn at det er tomt og spartansk og ei fantastisk utsikt.

³ Knudaheio var sommarhuset til Arne Garborg og ligg nær Undheim på vegen til Høg-Jæren. Både Arne og Hulda er gravlagde i hagen der.



– Men det er vanskeleg med idear? Biletkunst kan du hengje på veggen. Ingeniørkunst kan du syne med modellar, og bygningar og reiskapar frå ein gammal gard fortel i seg sjølv noko om livet der. Men idear og litteratur gjev seg ikkje så lett til museumsformidling.

– Ein må i alle fall tenkje på ein annan måte. Men problemet er der også med gjenstandar. Tenk på biletkunst: Det er ikkje kunstverket i seg sjølv, men møtet mellom kunstverket og gjesten som er viktig. Men det er nok sant at senteret vårt bryt med tradisjonell museumstankegang. Du kan ikkje stille ut idear, og du finn ikkje Garborgs gamle paraply her. Den heng på Knudaheio, den. Men vi skal invitere gjestene til å gå inn i tema og forteljingar og få dei til å reflektere over sine eigne meiningar, seier Undheim.

– Korleis gjer du til dømes språkstriden mest mogleg levande og interessant? Vi vil gjere det med eit rollespel som tek for seg ein tilspissa språkkonflikt, i eit fiktivt norsk samfunn der det er aktuelt å innføre engelsk som offisielt skriftspråk. Deltakarane skal så få argumentere for og imot: Vil du vere på laget til styresmaktene eller vere demonstrant og lage slagord i nettavisa *Den 17de Mai*?

Selskapa Media Farm og Arkidea skal lage utstillingane for Garborg-senteret. Media Farm har før blant anna laga Minitinget på Stortinget, der du kan leike parlamentarikar for ein dag. Undheim har god tru på tilnærminga.

– Rollespel lèt folk gå ut av seg sjølve, og konkurranseforma gjer det lett å engasjere seg og bli inkludert. Dei fleste vil sjå at spelet er ein pa-

rallell til striden mellom landsmål og riksmål. Vi skal invitere publikum til å reflektere og skape sjølve når dei er her.

– *Går det greitt å finne plassen dykkar innanfor Jærmuseet? Garborgsenteret er ein litt rar skapnad?*

– Det går fint. Det er ein grunntanke ved Jærmuseet⁴ at du skal «lære ved å gjere», og det er ei god plattform for Garborgsenteret. Folk til Jærmuseet er veldig gode på formidling, og vi kan dra vekslar på store faglege ressursar hos dei. Tenk at Jærmuseet ein gong var ei utstilling av gamle traktorar! No huser det så enormt mykje.

– *Garborgsenteret skal særleg satse ekstra på unge mellom 15 og 25. Det må vel vere den vanskelegaste målgruppa ein kan tenkje seg. Kvifor skal de gjere det så vanskeleg for dykk sjølve?*

– Vi blir ikkje eit ungdomshus, altså. Senteret er for eit allment publikum, ikkje eksklusivt for ungdom frå 15 til 25. Men det er lagt inn ekstra ressursar for å nå ut til den gruppa. Det kan vi ikkje minst gjere gjennom skulebesøk. Senteret kan brukast i alt frå samfunnsfag til religion og litteratur, og vi har tilsett ein lektor som jobbar med undervisningsopplegg for skulen. Fordi dette paret var så engasjerte i så mange saker, trur eg det er mogleg å gjere ungdom interesserte.

– *Dei som skal formidle kulturarv i skulen, har vel sitt å stri med, dei òg. Men lærarane kan i det minste straffe ungane med dårlege karakterar om dei ikkje følgjer med. Så de som ikkje kan ty til slike middel, kva kan de bidra med i formidlinga?*

– Eg trur det er veldig kjærkome for både lærarar og elevar med undervisning utanfor klasserommet, anten det er besøk på eit teknisk museum eller eit litteratursenter. Det er bra å kunne nytte andre metodar for å lære, og vi skal tilby ulike opplegg for ulike alderstrinn.

– *Det er ikkje enkelt å vekkje døde forfattarar til live. Eg får nervøse rykkingar når folk insisterer på at Bjørnstjerne Bjørnson eller Rasmus Løland er så aktuell i dag. Show, don't tell. Ikkje mas, berre vis meg det.*

– Eg er samd i det. Eg kan seie til eg blir blå i trynet at Arne og Hulda er utruleg interessante folk som de berre må lese bøkene til, men det nyttar ikkje å berre påstå slikt. Derimot håpar eg at vi kan trigge interesse hos ein del folk. Arne og Hulda er døde, det er det ingenting å gjere med. Men vi kan prøve å finne nokre nøklar som opnar døra til tankane deira for folk.

– *Du kunne òg tenkje motsett: At det ikkje er aktualisering som er viktigast, men å syne det spesifikke med ideane slik dei var i si tid. Når du prøver å overføre noko til ei ny tid, blir det òg omdanna til noko anna.*

– Vi kan sjølvsagt ikkje hive heile Garborg-arven og spele ut alt i samtida. Det er ein viktig del av arbeidet vårt å bevare det historiske minnet. Men eg trur vi må lage rammer som gjer historia lettare å forstå.

Hulda og Arne Garborg var stridande menneske som møtte mykje motstand. Men kanskje er nett gjennomslaget til ideane deira med på å gjere dei mindre relevante i dag? Bunader er elska som finklede for folket, Det Norske Teatret er ei prestisjetung scene, frie kjærleiksforhold og skilsmål er heilt normalt, likestillinga er komen langt, kyrkjemakta og puritanismen er veik, og nynorsk har vorte eit respektert kulturspråk.

– *Kanskje ville Hulda og Arne kjenst meir aktuelle om ikkje så mange av kampane deira alt var vunne? Om dei same stridane stadig hadde rasa, ville relevansen deira vore meir opplagd?*

– Tja. Mange av kampane er i alle fall delvis vunne, og Noreg går framover. Men framleis finst det mykje maktmisbruk i religionen sitt namn. Vi er meir likestilte enn før, men framleis finst mannsdominans mange stader. Vi har framleis ein språkkonflikt i Noreg. Og det kjem innvandrarar til Noreg som aldri har fått lov å lære sitt eige språk på skulen. Det finst mange nøklar til å forstå ting via samtida òg. ■

⁴ Det er ikkje berre dei tilsette som rosar Jærmuseet. I 2009 vart det kåra til årets museum i Noreg av Handels- og servicenæringenes hovedorganisasjon. I grunngevinga vart det lagt særleg vekt på måten publikum «blir invitert til å se og ta på, til deltakelse, aktivitet og utforskning». Same år fekk Jærmuseet òg den europeiske Micheletti-prisen som beste teknologiske museum.

KVEN: Egil Asprem, stipendiat ved de Universiteit van Amsterdam og universitetslektor ved NTNU

KVA: Studerer møtet mellom naturvitskap og okkulte praksisar tidleg på 1900-talet

KORLEIS: Historisk kjeldegransking

AV KJERSTIN GJENGEDAL

Magi under mikroskopet

Politiet i delstaten Virginia fekk hjelp av hesten Lady Wonder og «skrivemaskina» hennar til å finne forsvunne born. Hesten vart testa av professor William McDougall og medarbeidarane hans, som konkluderte med at ho hadde telepatiske evner.



FOTO: BETTMANN/CORBIS/SCANPIX

PROSJEKT: «Esotericism and Scientific Naturalism in the 20th Century». INSTITUSJON: Universiteit van Amsterdam. FAGRETNING: religionsvitskap/vitskapshistorie. FINANSIERING: Top Talent-programmet til den nederlandske forskingsorganisasjonen NWO. UUNNVERLEGE VERKTØY: PC og kaffitraktar. PUBLISERINGSFORM: artiklar og monografi. NY KUNNSKAP: Tilsynelatande marginale kulturhistoriske fenomen som parapsykologi og okkultisme spelar ei viktig rolle i vitskaps- og religionshistoria i det 20. århundret.



– Tilsynelatande er det motsetningsfylt å interessere seg for både vitenskapsfilosofi og okkultisme, men det er ei blanding som er særst godt eigna for kulturstudium, seier stipendiat Egil Asprem. (Foto: Kjerstin Gjengedal)

Vi trur gjerne at vi lever i ei rasjonell verd. Ei verd organisert på bakgrunn av vitenskap og teknologi. Ei verd der tussar og troll høyrer heime i eventyra og ingen andre stader.

Og likevel ligg magien rett under overflata. Ein medlem av kongefamilien snakkar med englar, synske og åndemanarar har eigne TV-program.

Det er denne dobbeltheita som interesserer religionsvitar Egil Asprem. På kontoret sitt på toppen av ein av dei høge, smale bygningane i sentrum av Amsterdam fordjupar han seg i møtet mellom magi og vitenskap.

– Doktorgradsprosjektet mitt er knytt til sosiologen Max Webers teori om avfortryllinga av verda, som han meinte var samtida sin skjebne. Med avfortrylling meinte han ikkje berre at moderne kunnskap har avløyst eldre kunnskap, men at det moderne mennesket har fått ei ny innstilling til verda, fortel Asprem.

Ikkje rom for mystikk

Når det moderne mennesket møter eit fenomen det ikkje forstår, går det ut ifrå at fenomenet ikkje er uforklarleg i seg sjølv, men at ein berre ikkje har greidd å avdekke alle delar av saksfeltet. Ein reknar med at dersom ein berre forskar djupt nok, vil ein finne ei forklaring på fenomenet. Det er ikkje lenger rom for mystiske, ukalkulerbare krefter i verda, meinte Weber.

– Ifølgje Weber måtte avfortryllinga av verda nødvendigvis få konsekvensar, mellom anna for legitimiteten til religion. Det oppsto eit skilje mellom religion og vitenskap, og Weber

meinte at den som ville vere religiøs, og som altså ville leve i ei fortrylla verd, måtte gjere eit intellektuelt offer, han måtte forsake prinsippa for vitenskapleg tenking. Han hadde djup respekt for dei som klarte å gjere dette offeret, han meinte at det låg noko nobelt i det. Men då måtte det gjerast fullt ut. Han hadde lite til overs for folk som prøvde å gjere begge delar på ein gong, og tala nedsetjande om intellektuelle som prøvde å lage seg substitutt for den fortrylla verda ved å fylle heimane sine med artefaktar frå framande kulturar eller ved å hoppe på fasjonabel okkultisme.

Det interessante for Asprem er at på byrjinga av 1900-talet, på same tid som Weber forfakta sin tese om avfortrylling, skjedde det mykje som stridde mot tesen hans. Samfunnet var på mange måtar gjennomsyra av okkultisme og esoteriske rørsler med røter tilbake til renessansen. Spiritismefarsotten hadde starta i USA allereie på midten av 1800-talet og spreidde seg raskt til Europa, og i perioden kring første verdskrigen fekk interessa for spiritisme ein ny oppsving.

– Eg meiner at Weber opererte med ein del normative føringar på korleis vitenskap skal vere, og korleis religion skal vere, og at desse føringane ikkje nødvendigvis stemmer med det ein kan observere frå hans eiga samtid. I staden ser vi tvert imot at ei rekkje vitenskapsfolk innan mange disiplinær forkasta Webers avfortrylla univers. Parapsykologien var ei veldig tydeleg form for gjenfortrylling. Det var rett nok eit randfenomen, men likevel vil eg hevde at det var mykje meir sentralt enn mange var viljuge

til å vedgå, og at det speglar tidsånden og kulturen i mellomkrigstida veldig godt, seier Asprem.

Jakta på den sjette sansen

Interessa for okkulte og esoteriske rørsler har følgd Asprem parallelt med at han studerte religionsvitenskap og filosofi ved NTNU. Då han fekk vite at det fanst eit miljø ved de Universitetet van Amsterdam som spesialiserte seg på esoteriske rørsler, søkte han seg dit for å ta master- og seinare doktorgrad. Her ser han spesielt på parapsykologi, som er forsøkt på å lage eit vitenskapleg studium av uvanlege psykiske fenomen. På slutten av 1800-talet og byrjinga av 1900-talet var dette eit felt der vitenskapsmenn møtte spiritistar og teosofar og andre som interesserte seg for spiritisme, og prøvde å studere dette vitenskapleg. Målet var å finne empiriske resultat som stadfesta eit etterliv eller andre eigenskapar som telepati eller klarsyn, og som dermed kunne seie noko om mennesket si sjel.

– Den psykiske forskinga på 1800-talet var dominert av svært høgt respekterte vitenskapsfolk, mellom andre ei rekkje sentrale fysikarar. Men etter århundreskiftet mista forskinga noko av den vitenskaplege kredibiliteten. Delvis kom det av at ingen hadde greidd å leggje fram overtydande resultat, og delvis av at ein hadde avslørt fleire tilfelle av fusk, seier han.

Så, på 1920-talet, vart det gjort nye forsøk på å gjere psykisk forsking vitenskapleg. Denne gongen kom dei mest sentrale bidraga ikkje frå fysikarar, men frå personar med bakgrunn frå



Forskingscenteret i Amsterdam vart etablert takka vere midlar frå ei rik frue som var skuffa over at de Universiteit van Amsterdam ikkje hadde noko studietilbod i vestleg esoterisme då ho sjølv studerte der. (Foto: Kjerstin Gjengedal)

psykologien. Profesjonaliseringa av den psykiske forskinga vart særleg driven fram av den engelske psykologen William McDougall, som vart professor i psykologi ved Harvard i 1920.

Kva er gyldig vitskap?

McDougall tok eit kraftig oppgjær med den spiritistiske leflinga innan den psykiske forskinga, og hevda at forskinga måtte byggast på vitskaplege prinsipp. Resultatet vart at ein gradvis gjekk bort frå å bruke metodar som observasjon av sansar og medium, og heller gjekk over til laboratorieeksperiment. Det vart utvikla nye metodar, og samstundes prøvde forskarane å avklare kva fenomen dei eigentleg prøvde å studere, og korleis dei kunne beskrivast. Ifølgje Asprem hadde McDougall ei djup vitskapleg interesse for psykiske fenomen, og sto såleis med ein fot i kvar verd. Men det synt seg snart at oppgåva han hadde teke på seg, var svært komplisert.

– Ein av grunnane til at det er vanskeleg å skrive om dette feltet, er mangelen på klare kategoriar. I forskinga mi fokuserer eg mykje på desse forsøka på grensesetting internt i miljøet. Dei diskuterte heile tida kva som skulle telje og ikkje telje som vitskap, seier Asprem.

– McDougall gav ein del opne føredrag der han snakka om kva funksjonar han meinte

eit universitet skal ha, kva kriterium som skal gjelde for vitskap, og korleis desse kunne vorte møtt innan psykisk forskning. Noko som stadig kom opp, var agnostisisme, førestellinga om at det finst ting ein ikkje kan få sikker kunnskap om. McDougall gjekk til krasse åtak på det han kalla «dogmatisk agnostisisme».

McDougall meinte at agnostikarane gav opp for lett. Empirismen strekte seg lenger enn agnostikarane trudde, hevda han, men det trongst vitskapleg mot og nye metodar.

Okkultismen komen for å bli Vitskapleggjeringa førte ikkje til noko empirisk gjennombrot, og feltet har ikkje opplevd særleg framgang sidan. Men folkereligiositeten har ikkje mista popularitet av den grunn.

– Interesse for folkereligiositet er relativt stabil og har nok ein del å gjere med korleis hovuda våre er skrudde i hop. Men det er den kulturelle forma dette tek, som interesserer meg. I den epoken eg studerer, oppstår det eit samspel mellom folkelege førestellingar, psykisk forskning og populærkultur som ein ikkje hadde sett tidlegare. Ideane vart resirkulerte og spreidde via lettlesne bøker og kommersiell radio, og ein fekk eit heilt nytt og vitskapleg klingande vokabular, seier Asprem, som like-

vel vedgår at han av og til får kultursjokk når han kjem til Noreg og skurrer på TV-en.

– TV-kanalen FEM, til dømes, har jo ein profil som spelar på slike fenomen. Det er ingen mangel på mediekkanalar for esoterisme i dag. Og ser ein på TV-seriar og bøker, finn ein okkulte fenomen overalt. Som oftast blir det behandla som harmlaus lek, men eg meiner at det likevel seier noko om kva plausibilitetsstrukturar samfunnet vårt opererer med, seier den norske forskaren i Amsterdam. ■

Center for History of Hermetic Philosophy and Related Currents (GHF)

- Grunnlagt i 1999 ved de Universiteit van Amsterdam
- Verdas første akademiske institusjon vigg til forskning og undervising innan vestleg esoterisme, frå renessansen til i dag
- Interdisiplinært, m.a. religionshistorie, vitskaphistorie, idéhistorie, kunsthistorie
- Initiert av private midlar
- For tida sju tilsette



Dette biletet frå 11. januar 1946 er teke av Anders Beer Wilse. Motivet er ei ikkje namngjeven kvinne i eit laboratorium ved Askim gummivarefabrikk, ei verksemd som vart starta i 1920.

I fyrste halvdel av 1900-talet reiste fotograf Wilse mykje rundt i Noreg og vart kjend som ein stor landskaps- og turistfotograf med ein svært omfattande produksjon. Den største delen av fotoarkivet etter Wilse finst i dag ved Norsk Folkemuseum og inneheld om lag 150 000 bilete. Mange av desse fotografia er tilgjengelege på Galleri NOR, fotodatabasen til Nasjonalbiblioteket, på Internett. Norsk Folkemuseum har leigd ut biletet til bruk i Forskerforum.

– Hvilke forskere irriterer dere mest?
– De som ikke forholder seg til rutiner, og som ignorerer tidsfrister.

– Hvorfor stopper Forsknings-Norge uten informasjonsmedarbeidere?
– Fordi formidling av kvalitetssikret forskning er uvurderlig, særlig i dagens informasjonsstrøm.

NY SERIE: Vitenskapelig ansatte er bare én yrkesgruppe i akademia. Hva gjør de andre?
DENNE GANGEN: Informasjonsmedarbeidere
NESTE GANG: Hms-ansvarlige

– Forskerne har sine ting de vil ha sagt. Vår oppgave er å ivareta brukernes behov når forskning skal formidles, sier infomedarbeiderne Brynjulv Norheim og Mathias H. Eidberg.
(Foto: Anne Elisabeth Næss)

Skiftet side

Det er kanskje stas å være forsker. Men du verden så ok det er å jobbe med formidling og ha fast arbeidstid, sier **Mathias H. Eidberg** og **Brynjulv Norheim**.

Av SIRI LINDSTAD

– Det finnes ikke A- og B-ansatte. Alle trekker et lass sammen. Akkurat det har ledelsen her vært tydelige på, sier Mathias H. Eidberg, informasjonsansvarlig ved Det teologiske fakultet ved Universitetet i Oslo.

Både han og kollega Brynjulv Norheim har hovedfag i kristendom. Norheim har dessuten vært doktorgradsstipendiat. Likevel er det i oversikten over administrativt ansatte og ikke vitenskapelig personale man finner dem når man søker i fakultetets telefonliste.

Det trives de aldeles utmerket med.

Brobyggere

– Jeg har vært rådgiver her siden 2006 og jobber blant annet med fagutvikling og etter- og videreutdanning, i tillegg til rent informasjonsarbeid. Det bygger for meg en veldig fin bro mellom den faglige dimensjonen og formidling, forteller Brynjulv Norheim.

Han og Eidberg tror nok det tidligere kan ha ligget en snev av A- og B-holdninger under overflaten.

– Og selvfølgelig er det de vitenskapelige som faktisk produserer forskningsresultatene og undervisningen. Men likevel opplever jeg samarbeidet med dem i all hovedsak som godt, sier Eidberg.

Tregt system

Bare ved Universitetet i Oslo er det vel hundre ansatte som har informasjons- og kommunikasjonsarbeid som del av sin jobb, fordelt på sentre, fakulteter og sentraladministrasjonen. De strir med informasjonsfaglige utfordringer som er særegne for UoH-sektoren.

– Du finner en iboende treghet i akademien. Forskerne er vant til å skulle snu alle steiner og gjøre alle vurderinger før de bestemmer seg for noe. Det gjør det vanskelig å få tatt kjappe beslutninger, noe som ofte er viktig i informasjonsarbeidet, påpeker Eidberg.

– Samtidig er incentivsystemene for å drive formidling for dårlige, og det til tross for at formidling altså er en av hovedoppgavene til universitetet. Verken forskerne eller institusjonen får uttelling for artikler og kronikker som skrives, føyer Norheim til.

Ny giv på nettet

De første e-postene ble sendt fra Universitetet i Oslo allerede på begynnelsen av 1990-tallet. Universitetet var på mange måter et lokomotiv i hele etableringen av internett. Men så sakk institusjonen etter fra millenniumskiftet.

– Man satt på store ressurser, men fulgte ikke med i tiden. Nå er universitetets nye nettsider endelig i ferd med å komme på plass, og vi har fått en utstrakt bruk av webredaksjonelt arbeid, både for profilering og rekruttering, sier Norheim.

Formidling er universitetets tredje formål og Eidberg og Norheims viktigste oppgave. De nye nettsi-

dene er den fremste plattformen for dette arbeidet. Dessuten har Det teologiske fakultet som det første ved UiO tatt i bruk podcast i formidling av både ordinær undervisning og prøve- og gjesteforelesninger.

– Men selv om vi rullet ut de nye nettsidene i fjor, er vi fortsatt i startgropa når det gjelder å få dem opp å stå. Det handler om å produsere artikler, først og fremst om pågående forskning, men også fagprofiler av forskere og lignende, sier Eidberg.

På talefot med forskningen

Den forskningsfaglige ballasten de to har, letter arbeidet med å «oversette» forskningen til et språk også folk utenfor den engere krets kan forstå.

– Mange fagansatte undervurderer seg selv og betydningen av det de formidler. De sier jo ofte kloke ting! Da er det givende å bidra til å formidle det videre, sier Norheim.

Både for ham og kollega Eidberg er det et poeng å være del av en akademisk institusjon.

– Jeg hadde ikke tatt et hovedfag om jeg ikke hadde syntet det var interessant eller viktig med høyere utdanning. Universitetet er et viktig prosjekt for samfunnet, og det å få være en del av det laget er på mange måter et privilegium. Av og til tenker jeg at jeg kanskje skulle ha forsøkt noe annet. Men for meg er det ikke uinteressant hva jeg «selger», hva jeg skal rekruttere til eller formidle ut, sier Eidberg.

Fordeler i fleng

Er det ikke kleint, da, lurer man likevel på, å gå der med henholdsvis et hovedfag og en halvveis doktorgrad og likevel ikke være blant de som «teller»? Får man ikke stempel som en av dem som ikke fikset det helt?

Eidberg og Norheim ler når vi spør.

– Det er en myte at det er de smarteste studentene som blir vitenskapelig ansatte, og de andre blir administrativt ansatte. Jeg innså rett og slett at det passet meg dårlig å sitte med slike langsiktige, litt ensomme prosjekter som det hovedfaget var. Jeg trives bedre med kortere prosjekter, variasjon i oppgavene og ikke minst mer samhandling med andre mennesker, sier Eidberg.

– Bare det å ha fast jobb og å kunne føre timer er for meg nesten god nok grunn til ikke å jobbe vitenskapelig. Alternativet hadde vært å fullføre doktorgraden og kanskje bli postdoktor og være midlertidig ansatt i mange år. Ja, jeg går glipp av den faglige karrierestigningen, men jeg opplever en mye større trygghet i forhold til mitt private prosjekt, altså familien. Og så har formidling blitt en hjertesak, sier Norheim.

Når hadde du sist nytte av en infomedarbeider?



MARIT BJORVAND BØRRESEN

Førstelektor i samfunnsvitenskap, Høgskolen i Hedmark

– Akkurat nå! Vi skal utlyse en dekan- og rektorstilling og ble nettopp orientert av en infomedarbeider om hvor vi finner utlysningsteksten på nettet.



FOTO: OLA SÆTHER

JOHN GRUE

Professor i hydrodynamikk, Universitetet i Oslo

– Jeg har hatt god nytte av infomedarbeidere både når det gjelder formidling av forskningsresultater, og i selve forskningsprosessen. Jeg jobber mye med forskningskonkurranser og rekruttering av unge forskere, og der har informasjonsavdelingen vært til stor hjelp.



EINAR THOMASSEN

Professor i religionsvitenskap, Universitetet i Bergen

– Jeg har ikke hatt noen nytte av dem. Ofte får jeg inntrykk av at de er mer opptatt av markedsføring enn av forskningsformidling i faglig forstand. Jeg skriver mange bøker og har kontakt med forlag og presse, men trenger ikke informasjonsarbeidere.

20 NØTTER

1. Kva heitte den nordiske musikkspørjeleiken som gjekk på NRK i tjue år med Sten Broman som programleiar?
2. I kva for idrettsgrein lønner det seg å floppe?
3. Kven er «avkommet» til den fattige treskjeraren Gepetto?
4. Kva for europeisk stat blir på engelsk iblant forkorta til FYROM?
5. Kva er kabanoss, mortadella, siskonmakkara og Landjäger ulike variantar av?
6. Kven er statsminister i Danmark?
7. Kor kjem siste nobelprisvinnaren i litteratur, Mario Vargas Llosa, frå?
8. Kven gjorde hat trick for Bayer Leverkusen mot Bayern München i 1981 – og bad sjølv om å få eit fjerde mål annullert?
9. Kva heiter tankesmia som Kristin Clemet og Lars Fr. H. Svendsen er tilknytt?
10. Kor skjedde det ein miljøkatastrofe i haust då giftslam lak ut frå eit aluminiumsverk?
11. Kva parti representerte Lars Korvald då han vart statsminister i 1972?
12. Kva for parti kom for første gong inn i den svenske Riksdagen ved valet i haust?
13. Kven song *Barcelona* i duett med Montserrat Caballé i 1988?
14. Kven svarte «I think it would be a good idea» på spørsmål om kva han syntest om vestleg sivilisasjon?
15. Kva kan ein feire om ein har vore gift i 60 år?
16. På kva for øy som høyrer til Horten kommune, vart ein berykta «Opdragelsesanstalt for forsømte Gutter» driven fram til 1970?
17. Kva stilepoke tilhøyrer komponistane Händel, Vivaldi og Purcell?
18. Kva er hovudingrediensen i hummus?
19. Kven er redaktør for Morgenbladet?
20. Kva er dagens namn på den norske øya som tidlegare har heitt mellom anna Hudson's Tutches, Trinity Island og Île de Richelieu?



Kor kjem siste nobelprisvinnaren i litteratur, Mario Vargas Llosa, frå?

- Svar:
1. Kontarpunkt
 2. Høgdehopp (floppe = hoppe med ryggen mot lista)
 3. Pinocchio
 4. Makedonia (Former Yugoslav Republic of Macedonia)
 5. Pølsar
 6. Lars Løkke Rasmussen
 7. Peru
 8. Arne Larsen Økland
 9. Civita
 10. I Ungarn
 11. Kristeleg Folkeparti
 12. Sverigedemokraterna
 13. Freddie Mercury
 14. Mahatma Gandhi
 15. Diamantbryllup
 16. Bastøy
 17. Barokken
 18. Kikerteier
 19. Alf van der Hagen
 20. Jan Mayen

10 KJAPPE



OLAV BJARNE LYSKLETT
MEDLEMSNUMMER: 40003105
STILLING: førstelektor i fysisk fostring ved Dronning Mauds Minne
UTDANNING: hovedfag i idrett ved NTNU 1996
FØRSTE STILLING ETTER ENDT UTDANNING: vit.ass. ved Idrettsvitenskapelig institutt, NTNU
KARRIEREMÅL: Å bli her ved DMM, og fortsatt finne utfordrende oppgaver.

Småfolkforskeren

– Hva jobber du med nå?

– Mye forskjellig, for eksempel å koordinere et forskningsprosjekt der jeg, en kollega og åtte bachelorstudenter skal forske på barnehagebarn og vinter. Vi skal blant annet se på hvor mye tid 1–3-åringene bruker på å leke ute og ha andre aktiviteter i snøen.

– Hvor tenker du best?

– Tilbakelent i kontorstolen.

– Hva er den viktigste fagboka i ditt akademiske liv?

– Vitenskapsteoriboka *What is this thing called Science?* av A.F. Chalmers, som vi hadde på hovedfag. Noen av kapitlene var så høytflygende at alt annet ble ufarliggjort sammenlignet med den boka.

– Hva er tabu i ditt fag?

– Det måtte være allergi mot barn.

– Hva skal til for å bli en god førstelektor i fysisk fostring?

– Du må kunne kombinere forskning og evnen til å formidle fagstoff til elevene.

– Hvem er den beste læreren du har hatt?

– Jeg husker godt hun jeg hadde i norsk og samfunnsfag på ungdomsskolen. Hun traff oss ungdommer bra. Blant annet traff hun en kompis med svamp en gang, noe han fortjente. Hun var direkte og klar.

– Dersom du måtte velge et annet fagfelt, hva ville du falt ned på da?

– Da ville jeg ha valgt medisin. Har alltid vært interessert i anatomi og fysiologi.

– Om du var forsknings- og høyere utdanningsminister, hvilket enkelt-tiltak ville ha vært viktigst for deg å få gjennomført?

– Da ville jeg ha høynet lønna til førskole- og skolelærere. Den lave lønna deres bidrar til den lave statusen, noe som får konsekvenser for hvem som begynner på lærerutdanningen.

– Hvor var du EU-avstemningskvelden 1994?

– Da satt jeg nok på hybelen min. Jeg var ikke veldig aktivt engasjert.

– Hva vil du lese mer av i Forskerforum?

– Der vil jeg lese mer om forskning på små barn.

AV SIRI LINDSTAD



AV ANDREAS HØY KNUDSEN

Frilansjournalist i Forskerforum

; kommentar

En utrolig rettighetspolitikk

Universitetenes hektiske aktivitet for å få kontroll over rettighetene til det som skapes mellom ørene til de vitenskapelig ansatte, er et uttrykk for en ubehjelpelig administrativ og politisk tilnærming til kunnskap. Den såkalte «Felles rettighetspolitikk for Norges universiteter» fra 2008 framviser hvor misforstått det er mulig å håndtere kunnskap i et forsøk på å tilpasse seg styringen fra Forskningsrådet og departementene. Politikken ble utformet på initiativ fra Forskningsrådet og i samarbeid med det nasjonale rektormøtet. Den sier blant annet at «resultater som er skapt eller blitt til ved universitetene eller frembrakt helt eller delvis med universitetenes ressurser, er universitetets eiendom», og at «retningslinjene gjelder for tilsattes arbeidsresultater av enhver art uavhengig av om disse kan utnyttes næringsmessig eller ikke». Ikke-patenterbar teknologi og «knowhow» er også omfattet, noe som ifølge jurister er umulig å forene med den lovfestede retten til akademisk frihet. Den eneste praktiske måten å overføre retten til en slik fri og åpen kunnskap fra ansatt til arbeidsgiver, er å pålegge den ansatte taushetsplikt, slik at kunnskapen ikke lenger er åpen og fri, men kan utnyttes av en spesiell rettighetshaver.

Hvor absurd det enn høres, har Universitetet i Tromsø (UiT) adoptert tankegangen fra Forskningsrådet og rektormøtet. I sterk motstrid til konkrete råd fra eksperter på opphavsrett og de ansattes organisasjoner, har UiT vedtatt et reglement hvor nye ansatte må fraskrive seg retten til alle arbeidsresultater. Fraskrivelsen gjelder ikke bare patenter og patenterbare oppfinnelser, men også rettigheter som ikke kan beskyttes særskilt, og uavhengig om arbeidsresultater kan utnyttes næringsmessig.

Selv om opphavsretten til fagliterære og kunstneriske verk beholdes av den ansatte, blir resten av det vitenskapelige og pedagogiske arbeidet innlemmet i en transaksjon hvor den enkeltes kunnskap blir kommersialisert – uten at noen er i stand til å utnytte den kommersielt. Selvmotsigelsene i reglementet stanser ikke her; i tillegg til å overta alle rettigheter innfører UiT meldeplikt når ansatte gjør funn som kan patenteres eller utnyttes kommersielt. Hvis den ansatte unnlater å melde fra og resul-

tatene senere fører til fortjeneste, skal arbeidsgiveren ha 2/3 av dette. Dette gjelder også dersom andre utnytter arbeidsresultatet til å skape nettoinntekter indirekte. Hva slags etterretningsvesen som skal oppspore ikke-rapportert kommersialisert kunnskap ute i næringslivet, sier reglementet ikke noe om.

Reglementet er et forskningsadministrativt forsøk på å erstatte tillit med dårlig juss – ovenfra og ned. Som Forskerforum skrev i forrige utgave, har nyansatte blitt nektet av UiT å ta forbehold mot sekkebetegnelse i kontrakten. Ikke bare blir det praktisk umulig å gjennomføre reglementet – det legger bånd på forskernes rett til å publisere egne resultater.

Bernt-rapporten analyserer konsist svakhetene i den felles rettighetspolitikken

UiT fastsetter nemlig et fire måneders forbud mot publisering av funn som er rapportert inn etter meldeplikten. Samfunnsinteressen som lå til grunn for «Felles rettighetspolitikk» blir dermed snudd på hodet ved at kunnskapen holdes tilbake fra fellesskapet. Hvordan det nye arbeidsreglementet inngår i UiTs strategiske plan om at «Universitetet skal verne om og fremme faglig autonomi og individuell akademisk frihet slik at universitetet kan løse sine oppgaver på en uavhengig og kritisk måte», er uforståelig. Det siste leddet må i så fall forstås som uavhengig av de ansattes rettigheter, åndsverkloven, arbeidstakeroppfinnelsesloven og universitets- og høyskolelovens hjemmel om akademisk frihet.

Mens UiT har basert rettighetspolitikken på en forskningsadministrativ utredning, har Universitetet i Bergen (UiB) tatt utgangspunkt i personene som har de immaterielle rettighetene til sine arbeidsresultater. Styret ved UiB nedsatte en arbeidsgruppe ledet av juridisk

fagekspertise (Jan Fridthjof Bernt) og med vitenskapelige representanter fra alle fakulteter. Mandatet tok utgangspunkt i at «Felles rettighetspolitikk» ikke er tilfredsstillende, samt i innspill fra Forskerforbundet og Norsk fagliterær forfatter- og oversetterforening. Resultatet ble en rapport som uten videre kunne anvendes på forskerfellesskapet.

Bernt-rapporten analyserer konsist svakhetene i den felles rettighetspolitikken, og den fastslår at arbeidsgiver skal ha «den rett over åndsverket som er nødvendig og rimelig, hvis arbeidsavtalen skal nå sitt formål, men heller ikke mer». Rapporten utpeker patenter, data-maskinprogrammer og databaser som objekter for immaterielle rettigheter av betydning for universitetet, i motsetning til varemerker og design og annet irrelevant fra den felles rettighetspolitikken. Å overdra rettigheter fra ansatte til arbeidsgiver til kunnskap som ikke er direkte rettighetsbeskyttet, er ifølge Bernt-rapporten ikke hensiktsmessig.

Det mest vesentlige i rapporten er imidlertid at resultatene av vitenskapelig ansattes arbeid står i en særstilling fordi den faglige virksomheten skjer etter den ansattes eget valg, uten instruksjonsmyndighet fra arbeidsgiver. Dette bygger på prinsippet om forskningens og undervisningens frihet, som er hjemlet i universitets- og høyskoleloven. Sett fra universitetenes side, er det sentrale hensynet å beholde muligheten til selv å utnytte materiale som er framstilt av de ansatte. Dette kan imidlertid sikres ved at universitetet og den ansatte har rett til å utnytte materialet, bygget på samtykke.

Manglende forståelse for kunnskap har vært utgangspunktet for prosessen med å lage retningslinjer for retten til arbeidsresultater ved universitetene og høyskolene. De store universitetene har gjort selvstendige utredninger, mens alle de mindre universitetene har latt seg forlede til å bygge på «Felles rettighetspolitikk» og har dermed fått regler som er totalt uhen-siktsmessige for både ansatte og arbeidsgiver. Nå bør samtlige institusjoner studere feilgrepet fra Tromsø og den gode løsningen fra Bergen og bruke denne frie og åpne kunnskapen til å legge om sin rettighetspolitikk.

LEDER KRONIKK DEBATT BØKER

Send kronikkforslag til kjetil.brottveit@forskerforum.no. Kronikkens lengde må ikke overstige 10 000 tegn, inkludert mellomrom. Bidrag som trykkes honoreres med kr. 2.000,–. Innlegg må være maksimum 2000 tegn dersom de skal komme på trykk og blir ikke honorert.

Kronikkskriving som fagleg arbeid

Kronikkskriving og undervisning kan vere eit ideelt vekselbruk, meiner Jens Haugan. Sjølv blei han beden av arbeidsgjevar om å ikkje skrive kronikkar i arbeidstida.



Av Jens Haugan, førsteamanuensis i norsk, Høgskolen i Hedmark

I Forskerforum nr. 8/2010, side 10, kunne ein lese ein liten notis om at eg blei beden av arbeidsgjevar om å ikkje skrive kronikkar i arbeidstida. Saka blei dekt litt meir uførlig på Forskerforum.no, men ikkje slik at dette skapte debatt.

Etter å ha fått ein del støttande kommentarar på e-post frå akademikarar rundt omkring i landet meiner eg at temaet bør takast opp igjen. Kronikkskriving for fagleg tilsette i forskings- og utdanningssektoren er som regel det same som offentleg fagskriving, og det er viktig at slik fagskriving blir diskutert og vurdert ut ifrå fleire ulike perspektiv.

Den eine sida som vi som vitskapleg tilsette må forhalde oss til, er at vi skal generere publikasjonspoeng for arbeidsgjevar. Publikasjonspoeng har blitt «oppfunne» for å kunne ha eit nokolunde realistisk mål på kva vi som forskarar «produserer». Realistisk tyder i denne samanhengen helst kva det er realistisk å kunne telje. Her tenkjer ein ikkje berre kvantitet, men òg kvalitet. Uansett kva ein måtte gjere av fagleg arbeid, er det berre publikasjonskanalar med tildelte poeng som er teljande i dette systemet. Dette inneber at ein berre blir talt som fagleg produserande når ein får trykt noko som er godkjent i forhold til poengsystemet. Såkalla populærvitskapleg skriving er noko ein kan eller eventuelt skal gjere i etterkant av «skikkeleg» fagleg arbeid. Dette er ikkje noko som nokon får uttelling for, verken arbeidsgjevar eller den vitskapleg tilsette. Men alle er som regel likevel einige om at det er viktig med formidling.

Når det akademiske året er omme og sta-

tus skal gjerast opp, er det avlagte studiepoeng og produserte publikasjonspoeng som er det som interesserer arbeidsgjevar. Dette har òg to sider. På den eine sida er det publikasjonspoenga som er det viktigaste. Dei gjev status i forhold til andre utdanningsinstitusjonar. Men på den andre sida er det klart at det er avlagte studiepoeng som er den største inntektskjelda for høgare utdanningsinstitusjonar. Reint praktisk ville det altså lønne seg å satse på å produsere fleire studiepoeng i staden for å satse på vitskapleg godkjende publikasjonar. Likevel blir ein som tilsett først og fremst målt ut ifrå publikasjonspoeng og ikkje ut ifrå kor god undervisning – og dermed studiepoeng – ein leverer. Meritterande er undervisning uansett ikkje. Ein får ikkje noka form for opprykk i systemet ved å vere ein god lærar. Det lønner seg i praksis heller å nedprioritere studentane og satse på skriving. Dette er sjølvstøtt eit paradoks all den tid utdanningsinstitusjonane driv med både undervisning og forskning, og forskingsdelen for dei fleste er ein mindre del av stillinga enn undervisningsdelen.

Dei fleste av oss såkalla vitskapleg tilsette i høgare utdanning har ein undervisningsdel og ein forskingsdel i stillinga si. I gamle dagar var fordelinga ca. 50–50, mens det no er meir vanleg å ha eit marknadsperspektiv på forskingsdelen. Den som ikkje klarer å produsere publikasjonspoeng, får mindre eller ingen FoU-ressurs. Og når ein først har fått redusert FoU-ressursen sin, blir det vanskelegare å få han tilbake på grunn av enda mindre tid. Dette er eit openbert problem, som fleire og fleire

slit med. Ei anna side ved dette er at ein kan føle seg som annanrangs tilsett når ein først har blitt «straffa» med redusert FoU-tid. Dette kan føre til at mange mistar motivasjonen til å skrive, og det er lettare å godta status quo som ordinær lærar ved ein høgare utdanningsinstitusjon, i staden for å prøve å strekkje seg så godt ein kan i begge (alle) retningane.

Endå eit perspektiv ved situasjonen er at leiinga/administrasjonen gjerne har eit inn-tenings- og teljeperspektiv på FoU, mens ein samtidig ikkje har forståing for at det ikkje berre er å skrive litt no og då innimellom all undervisning og andre arbeidsoppgåver. Dei fleste forskarane treng samanhengande tid til å kunne skrive lengre artiklar. Som regel må ein også lese svært mykje før ein kjem til sjølve skriveprosessen. Når ein ikkje finn tid til å lese ferdig det ein treng av bakgrunnsstoff, får ein i alle fall ikkje tid til å komme i gang med skrivinga. Det er gjerne slik at arbeidsåret går mens ein håpar på at det skal dukke opp ei opning. Og når ein først ser ei veke eller to på kalenderen der det ville vere mogleg å skrive litt, har ein kanskje opparbeidd så mykje avspasering at ein må velje mellom å ta fri og å skrive og eventuelt donere overtida til arbeidsgjevar. Det er jo lenge sidan ein fekk julegratiale. No er det kanskje heller dei tilsette som vel å gje tida si til arbeidsgjevar mot å få ein klapp på skuldra for å ha produsert eitt eller to publikasjonspoeng.

Framleis snakkar eg berre om pengar og poeng. Men kva er eigentleg fagleg skriving? Og korfor er det slik at skriving utanfor god-

«Når ein skal spare pengar, reduserer ein FoU-delen.»



kjende kanalar ikkje er like akseptert som ein del av det faglege arbeidet ein driv som tilsett ved ein forskings- og utdanningsinstitusjon?

Mitt fag er norsk, og eg arbeider først og fremst innanfor grammatikk. Eg er svært oppteken av å gje studentane mine den best moglege undervisninga ut ifrå mine egne og studentane sine føresetnader. Norsk er eit fag som i større grad enn mange andre fag er «ubiquitous», allestadsnærverande. Dette er eit fint ord som gjer seg svært godt i EU-søknader og elles når ein prøver å legitimere søknader om pengestøtte. Som ein av dei som har utdanna seg til å bli ein slags forvaltar av norsk språk, ser eg på det som eitt av ansvarsområda mine å dele fagkunnskapane mine med folk også utanfor academia. Eg er statstilsett, og eg er ein av dei som har kompetanse til å uttale seg og gje råd om språklege spørsmål.

Men er det ein skriv utanfor poenggeivande kanalar, mindre fagleg kvalifisert? Er det slik at ein lege berre gjer godt fagleg arbeid når han sit på eit legekontor, mens det ikkje tel om han hjelper ein person som har skadd seg, når legen ikkje er på jobb og skriv rapportar og reknningar? Problemet er at ein ikkje kan telje og kontrollere det som skjer utanfor den offisielle samanhengen. Men dette problemet er først og fremst relevant for dei som vil eller må telje av ein eller annan grunn. Som forskarar og formidlarar har dei fleste av oss først og fremst ein indre motivasjon ut ifrå faget vårt, og ikkje fordi vi ønskjer å tene pengar eller å bli talte.

Når eg skriv kronikkar, skriv eg som regel ut ifrå tema som eg har med meg ifrå undervisninga mi. Eller eg tek språklege tema eg har diskutert i ein kronikk, tilbake til studentane mine og gjer stoffet til gjenstand for undervisninga. Ut ifrå mitt perspektiv er dette det ideelle vekselluget i eit fag som norsk, der eg blant anna arbeider med språkbruk, skriving, grammatiske spørsmål, språkhistorie, forholdet mellom hovudmål og sidemål og språkhaldningar. Studentar som utdannar seg

«Det er svært få som ville lese ein artikkel om gammalnorsk syntaks i eit fagtidsskrift.»

innanfor norskfaget, skal blant anna også opparbeide ein kompetanse i å kunne delta i samfunnsdebattar der kunnskapar om språk er viktig. Det er svært få studentar på grunn-nivå som les vitskaplege artiklar. Det er lettare å få studentane til å lese om språklege tema i avisa. Dette er nært og relevant for dei. Det er også lettare for meg som førelesar å vere eit fagleg førebilete for studentane når eg demonstrerer behovet for språkleg kompetanse rett utanfor auditoriet der studentane og folk flest faktisk er. Det er svært få som ville lese ein artikkel om gammalnorsk syntaks i eit fagtidsskrift, mens det kan vere fleire tusen som les og lærer om grammatikk når eg vel ein meir tilgjengeleg publikasjonskanal.

Måten å presentere stoffet på i ein kronikk samanlikna med ein vitskapleg artikkel er også meir direkte relevant i forhold til det fagdidaktiske perspektivet, som jo dominerer kvardagen til dei fleste av oss som driv med både undervisning og forskning. Det er undervisninga som kjem først, og det er forskinga som er salderingsposten. Slik er realiteten for dei fleste, uansett om ein skulle ønske at det var annleis. Førelesarane må gjere unna undervisninga og så håpe at dei har tid og overskot igjen til å kunne forske. Administrasjonen på si side fordeler FoU-tid etter at undervisningsbehovet er dekt. Når ein skal spare pengar, reduserer ein FoU-delen. Det er slik systemet er i praksis.

Skal ein så hindre dei som faktisk ønskjer å skrive fagrelatert, i å gjere dette ved å fordømme all skriving som ikkje er rein forskning, som noko ein skal gjere utanfor arbeidstida? Er det ikkje betre å delta i utviklinga av faget

sitt på mange ulike arenaer enn å ikkje skrive i det heile når ein ikkje har nok samanhengande tid til å skrive poenggeivande artiklar? Dette temaet er nok aktuelt for mange innanfor forskings- og utdanningssektoren. Er det slik at det eg skriv her og no, burde skrivast utanfor arbeidstida? Skal det vere slik at alt som ikkje kan teljast og målast direkte og som gjev økonomiske resultat, er noko akademikarane må drive med utanfor den ordinære jobben? – Eit anna spørsmål er korleis ein skal definere tida utanfor jobben. Dei fleste eg kjenner, les til dømes faglitteratur i «fritida». Men dette kan ikkje målast og er ikkje synleg på nokon måte. Dermed er det heller ikkje noko heitt debatttema. Ein akademikar vil nok meine at ein alltid er på jobb uansett kvar ein er.

Kanskje arbeidsgjevarane burde bli litt flinkare til å sjå inntektene i eit større perspektiv. Dersom ein reknar reklameverdi i form av pengar det kostar for spalteplass i aviser og tidsskrift, ville ei halv- eller heilside med stoff frå den forskings- og utdanningsinstitusjonen ein representerer, faktisk vere verd mykje meir enn 60 avlagte studiepoeng eller to publikasjonspoeng. Men det er klart, desse «pengane» kan ikkje teljast konkret, og dei kjem ikkje som friske pengar inn i systemet. Det hadde likevel vore fint om ein kunne få litt meir respekt og aksept for fagskriving og fagdidaktikk i det offentlege rom som ein del av det naturlege arbeidet til ein statstilsett som driv med både undervisning og forskning og forvaltning av eit fag på vegner av utdanningssamfunnet.

På maktas tindar

Vi følgjer viktige saker og personar frå møterom til møterom.

Sjå føre deg den norske statsadministrasjonen som eit landskap av pyramidar. Då er byggjesteinane menneske innplasserte i posisjonar. I departementa, til dømes, står departementsråden over ekspedisjonssjefane, som igjen står over avdelingsdirektørane, som igjen står over ... – og nei, dette endar ikkje med *reductio ad absurdum*, men med rådgjevaren. Den neste byggjesteinen, som desse menneske inngår i, er organisasjonar, eit kontor, ei avdeling, eit direktorat – og ja, sjå gjerne føre deg ei teikning av Pushwagner. Desse organisasjonane er igjen overordna kvarandre eller i det minste tilkjende klare ansvars- og kunnskapsområde, slik at nokre organisasjonar sit med ansvar og makt i bestemte saker, medan andre er makteslause – og dette avgjer om det dei skriv, er avgjerande eller uinteressant.

I denne likninga er Finansdepartementet pyramiden som står over dei andre pyramidane.

Finansdepartementet er difor det departementet alle som er interesserte i politikk – anten dei no er opptekne av spesielle emne (som fordelings-, nærings- eller helsepolitikk) eller av staten si rolle i tilrettelegginga av den sterke økonomiske veksten vi har tatt og tar del i her i landet, eller av politisk makt meir allment (er det politikarar eller embetsmenn som styrer landet?) – bør vere interesserte i, dersom dei skal vere informerte.

Boka til Lie og Venneslan om Finansdepartementets historie frå 1965 til 1992 bør derfor ha ein breiare lesarkrins enn dei fleste andre bøker i politisk historie. Dersom ho då er innsiktsfull og velskriven.

Velskriven er ho. Detaljert og presis – og med humoristiske formuleringar av ein viss type: «... vi vet nok om embetsverkets synspunkter til å kunne anta at skeptisen her ville vært absolutt». Og ho er leseleg for lesarar med ulike forkunnskapar, fordi ho rammar inn dei ulike delforteljingane (eit budsjettmøte, ei bankkrise, ein mislukka finansminister) med å forklare samanhengen dei inngår

i. Mange kapittel er drivande velskrivne, nokre få er prega av at detaljane overskuggar pedagogikken.

Og boka er innsiktsfull. Den store styrken hennar er dei utførlege og konkrete skildringane frå møte mellom embetsverket og den til kvar tid sitjande finansminister, budsjettmøte og økonomiske reguleringar under skiftande regjeringar, samarbeids-



Einar Lie og
Christian Venneslan
Over evne
Finansdepartementet 1965–1992
Pax, 2010
536 sider
Veil. pris: kr 499

og konfliktlinjer innafor departementet og i relasjonen til Noregs Bank og Statistisk sentralbyrå, og innan økonomiprofesjonen. Vi følgjer viktige saker og personar nesten frå møterom til møterom, og får slik innsikt i politikken og administrasjonens kvardagsliv.

Og boka gjev innsikt i sentrale utviklingslinjer i norsk økonomisk politikk gjennom nesten tretti år, prinsipp og koplingar mellom inntekts-, kreditt- og finanspolitikk, slik dei utvikla seg i samspelet mellom økonomar og politikarar under varierende økonomiske og politiske konjunkturar, og med reguleringar som tidvis verka saman, men ofte var i takt. Og ho gjev oss innsikt i etableringa av nokre sentrale fordelingspolitiske ordningar – som etableringa av folketrygda.

I denne historia er brota og paradoksa mange, men det faste punktet (unnateke ein periode på 70-talet) er rolla departementet

har som vaktar av statens finansar, som motvekt og av og til barrierer mot sterk auke i offentlege utgifter.

Vi får også innsyn i rolla Finansdepartementet har andsynes næringspolitiske politikkområde, som industri- og landbrukspolitikk, men vi får vite lite om rolla som «overdepartement» i høve til andre departement og politikkområde. Det er den økonomiske politikken som står i sentrum for analysen.

Slike avgrensingar er naudsynte. Det er i mindre grad gjort klart for lesaren kva som motiverer utvalet av saker og delproblemstillingar i den konkrete analysen, og kva teoriar (om økonomisk politikk eller det norske styringssystemet) som ligg til grunn for analysen, eller som han gjev støtte til. Boka speglar den norske historikarprofesjonens styrke: evna til å kombinere detaljrikdom, oversyn og fagleg korreksjon i eit rikt språk, men også veikskapen: Den teoretiske modellen er implisitt og dei teoretiske implikasjonane uklare.

For meg er boka, sjølv om temaet ikkje er eksplisitt, ein studie i makt. Makta til å setje ein dagsorden, til å styre eit møte og eit land og å regulere føretak og einskildmenneske. Ho er ein studie av avmakta når reguleringar er verknadslause eller skapar utilisikta verknader – og forsøka på å gjenvinne denne makta gjennom betre modellar og teoriar.

Men mest av alt er ho ei påminning om maktutøving i den klassiske, machiavelliske tydinga som ofte er fråverande i dagens akademiske debattar om makt: Maktas siste, endelege grunn, som aldri vert ytra som grunngeving, er interessa for makt for maktas eiga skuld, for å sitje der, på toppen av pyramiden – anten det no er den vesle toppen i ein liten organisasjon, i regjeringsbygget eller toppen av den norske statsadministrasjonen.

AV ODDGEIR OSLAND

Legitimert ekstase

Robert W. Kvalvaag

Det ellefte budet.

Religion og rock and roll

Unipub, 2010

280 sider

Veil. pris: kr 349

Jeg kjenner en kritisk ateist med et hjerte som banker for *grønsj*. Men en søndag i september besøkte hun en kirke i Harlem. Ikke mange minuttene inn i gudstjenesten fant hun seg selv dansende mellom kirkebenkene med øyne kantret i tårer, hånd i hånd med en eldre, afrikanskamerikansk



kvinne i ekstatiske bønn. Hva hadde skjedd? Robert W. Kvalvaags bok kan gi noen mulige svar. I *Det ellefte budet* tematiserer han det historiske forholdet mellom rock'n'roll og religion gjennom eksplorative undersøkelser av ulike musikalske uttrykk.

Kvalvaag medgir at det eksisterer et motsetningsforhold mellom *sex, drugs and rock'n'roll* og det hellige og sakrale, men insisterer likevel på at det er religiøse dimensjoner i rocken som til nå har vært underkommunisert. Det bøter førstelektoren i religion, livssyn og etikk på ved å veve et kronologisk teppe av historier fra sentrale deler av både religions- og musikkhistorien. Han sporer rockens opprinnelse helt tilbake til de svarte, afrikanske slavenes påkalling av det guddommelige i sine rytmiske og svært fysiske *ring shouts*, og viser hvordan dette rytmiske uttrykket fikk betydning i hvit, europeisk kultur i Amerika på 1600- og 1700-tallet. Påvirkningen spredte seg videre, blant annet til karismatiske menigheter, med predikanter som praktisk talt topet platesalget på 1920-tallet. Predikantenes vekkelsestaler hadde ifølge flere kilder en egenartet rytme og tone som ble en langt sterkere musikalsk inspirasjon for musikere enn menighetens sang.

Kvalvaags kildemateriale baserer seg på historiske dokumenter, i tillegg til et bredt spekter av musikere, artister, journalister, historikere og musikkvitere. Blant andre. Faren er at fremstillingen blir for bredpenslet. Gjennom sju kapitler (pluss innledning, oppsummering og etterord) er vi

innom sjangere som soul, jazz, gospel, osv. – til og med folkemusikken er nevnt – i tillegg til rock. Denne sjangerbredden gir også opphav til et tykt knippe artistmøter med blant andre Johnny Cash, Tina Turner, Louis Armstrong, Nina Simone og Al Green. Anekdotene er tidvis svært friske, og krydret med mindre kjente detaljer. (Visste du for eksempel at Elvis hadde en tvillingbror som døde under fødselen?) Men faren ved den anekdotiske tilnærmingen er at fremstillingen blir skjev. Etter min mening styrer Kvalvaag klar av farene. Han evner å filtrere sjangerutviklingen funksjonelt sammen, og anekdotene er godt avstemt mot bokas klangbunn der det gjennomgående er resonnementet om forholdet mellom rock og religion som følges. Det er også her boka har sin ideologiske sprengkraft.

I en vestlig, sekularisert og musikkelskende nasjon kan det være en sterk påstand å koble rock til tungetale, helbredelse ved bønn, karismatiske predikanter og troende som faller i ekstase. Men Kvalvaag demonstrerer hvordan både rock og «religiøs ekstase» får oss til å hengi oss til sanselege, musikalske opplevelser. Slik legitimerer Kvalvaag både dansen, gråten, jubelen. Lydene som løfter oss. Og bønningen.

AV RAGNHILD FJELLRO

Tannlaus samfunnskritikk

Atle Møen
Allmenningen. Eit sosiologisk forsvar for fellesskapen
Scandinavian Area Press/
Spartacus, 2010
230 sider
Rettl. pris: kr 299

Atle Møen meiner det offentlege området i samfunnet må styrkast, og at det må setjast klarare grenser for kva som vert privatisert og omdanna til vare. Han formulerer ein klartenkt, men akk så velkjent kritikk av samtida i denne essay-samlinga.

Møen er sosiolog ved Universitetet i Bergen og er tydeleg prega av skrive- og tenkjemåten til Hans Skjervheim. I utgangspunkt et deler eg denne sosialdemokratiske posisjonen, men haldninga til Møen er så venstrepolitisk korrekt at eg nesten får lyst å skifta side mens eg les. Alle er lik-som einige om at FrP er eit illegitimt parti, at samfunnet vert køyrt i grøfta av new public management, og at folk har ei «pervertert beundring for dei rike og mektige».

Møen skriv med voldsom patos og overdriv bruken av ropeteikn.



«Vi må alle slutta oss til Karl Marx sin kritikk av den utopiske sosialismen!» utbasunerer han for eksempel. Det ligg ei dogmatisk skråsikkerheit på lur heile tida, og viss lesarane ikkje skjønar kor alvorleg stoda er, betyr det at me er hjernevaska. Den private kapitalismen et seg innover i allmenningen «utan at nokon kan løfta ein finger, fordi vi alle er knebla av ein subtil symbolsk vald». Nei, det er me ikkje, får eg lyst til å ropa.

Ifølgje Møen er krisa akutt på alle samfunnsområde. Mobiltelefon og internett har gjort kommunikasjonen til ei vare, slik at den ekte dialogen vert borte. Helse- og velferdstenester har vorte ei vare, slik at den genuine omsorga vert borte, og når det gjeld undervisning og forskning, er det like ille.

Då eg byrja å lesa, håpte eg at eg ville finna ein politikk for noko også, og ikkje berre ein politikk imot. All politisk kritikk må formulera konkrete forslag til verkemiddel, lovendringar eller kva det måtte vera. Utan slike alternativ er kritikken uforpliktande. Han styrker indignasjonen hjå dei som allereie er indignerte, men er utan påverknad på dei som ikkje har tenkt så nøye over saka, eller som i utgangspunktet har ein annan politisk ståstad.

Møen går sjølv i den fella han brukar Max Weber til å átvara mot, nemleg at det er forkasteleg

å formulera «ein altfor idealistisk etikk som ikkje tek omsyn til dei konkrete moralske realitetane». Møen klarer ikkje å vera konkret på korleis den gode allmenningen kan realiserast i Noreg på 2010-talet, og han undervurderer evna «folk flest» har til å reflektera kritisk over dei sosiale strukturane dei lever i.

I rettferdas namn må det seiast at Møen har følsame analysar av fleire trekk ved den norske samtida. Han brukar Durkheim til ein glimrande analyse av korleis arbeidarane i nettverkssamfunnet brukar fredagspilsen og andre rituelle samlingsformer for å lada batteria mellom dei lange, kjedelege øktene med administrasjon og korrespondanse.

Det beste poenget til Møen er at viljen til å overlata skulda til det offentlege har gått ned. For tjue år sidan var det vanleg at folk skulda på systemet når dei fekk eit praktisk problem i kvardagen, men no er det vanlegare å tenkja at det er eins eigen feil. Viljen til å ta ansvar for sjukepleie og pensjonsordning er det sikraste teiknet på at allmenningen er svekt. Dette poenget sit som eit skot frå ein forfattar som er flink til å skyta ned, men dårleg til å bygga opp.

AV LARS NYRE

Kort fortalt

Helga Stave Tvinneheim
Plass og monument i urbane miljø
Tapir Akademisk Forlag, 2011
397 sider
Rettl. pris: kr 395

Korleis og kvifor har byar og offentlege byrom fått den forma dei har? I denne boka drøftar forfattaren utviklinga av plass og monument frå antikken og fram til i dag. Døma er henta frå fleire land og illustrerer korleis nye kunstretningar og politiske, økonomiske og lokale forhold har prega det enkelte plassanlegget. Helga Stave Tvinneheim er professor emerita i kunsthistorie ved NTNU.

Anne Trine Kjørholt (red.)
Barn som samfunnsborgere – til barnets beste?
Universitetsforlaget, 2010
256 sider
Veil. pris: kr 299

Når man møter barn som samfunnsborgere som har rett til deltakelse og medbestemmelse, blir foreldre og profesjonelle utfordret på hva som er til barnets beste. I boka drøftes det hvordan retten til innflytelse tolkes og praktiseres. Prinsippet om «barnets beste» ses i et kritisk lys. Redaktør Anne Trine Kjørholt er førsteamanuensis ved Norsk senter for barneforskning ved NTNU.

Ivar Frønes og Halvor Strømme
Risiko og marginalisering. Norske barns levekår i kunnskaps-samfunnet
Gyldendal Akademisk, 2010
144 sider
Veil. pris: kr 228

Hvordan er barns levekår, og hvordan innvirker livssituasjonen som barn på deres liv som voksne? Skole og barnehage er sentrale for barns framtidige livsløp. Hvilke faktorer øker sannsynligheten for sosial eksklusjon og dårlige levekår senere i livet? Ivar Frønes er professor i sosiologi ved Universitetet i Oslo. Halvor Strømme er seniorrådgiver i Statistisk sentralbyrå.

Eirik J. Irgens og Grete Wennes (red.)
Kunnskapsarbeid – om kunnskap, læring og ledelse i organisasjoner
Fagbokforlaget, 2010
224 sider
Veil. pris: kr 335

Hvordan utfordrer kunnskapsarbeid etablerte forestillinger om ledelse? Kunnskapsarbeid lar seg vanskelig standardisere. Kunnskapsarbeidere setter gjerne pris på autonomi, og trenger kanskje utradisjonell og tilretteleggende ledelse? Redaktører er Eirik J. Irgens, professor ved Høgskolen i Nord-Trøndelag, og Grete Wennes, førsteamanuensis ved Høgskolen i Sør-Trøndelag.

Tre vegar fram for humaniora

HUMANISTISKE FAG: I Aftenposten 27. desember slo Knut Olav Åmås fast at humanistiske fag framleis er viktige, fordi dei kan «være med og forme mennesker som er i stand til å gjøre motstand i et samfunn preget av systemer som bygger ned motstand – et samfunn som fjerner sand i maskineriet og innfører lønnsomhets-tenkning på områder som ikke kan eller skal være lønnsomme». Dette er eg samd i, og det er eit viktig poeng, men det gjev ikkje svar på dei umiddelbare problema, som er:

Korleis skal universiteta kunne halde oppe små humanistiske fag når finansieringa frå departementet er knytt til talet på studentar?

Korleis kan slike fag, og humanistiske fag generelt, få fleire studentar?

Korleis kan kandidatatar frå slike fag bli meir etterspurde på arbeidsmarknaden?

Desse problema heng i hop. Innanfor dagens system er det siste avgjerande: Blir kandidatane meir etterspurde, så vil fleire velja den typen utdanning, og problemet er løyst. Men slik arbeidsgjevarane tenkjer i dag, skjer ikkje det.

Ei løysing kunne derfor vera å endre premissane for problem 1. Regjeringa eller Stortinget kan vedta at visse fag skal vi ha stillingar til på universiteta, anten det er få eller mange studentar. Det kan vera fag som er avgjerande for forståinga vår av kven vi er, og kor vi kjem frå, og som er vårt særskilde ansvar – som mitt fag, norrøn filologi. Eller det kan vera fag vi treng fordi vi må ha spesialistar på alle slag språk og kulturar, slik at vi som nasjon kan orientere oss i verda, jamvel om vi er få. Som døme på eit slikt fag kan vi

ta bosnisk/kroatisk/serbisk. Ut frå dagens regime burde det nok vori nedlagt på grunn av få studentar lenge før Jugoslavia-krigen kom og gjorde kunnskapen til Svein Mønnesland uvurderleg for media og oss andre. Slik kompetanse kan ikkje knipsast fram når noko skjer ute i verda. Men ei ulempe med «freding» av visse fag ville sjølvsagt vera at universitetslærarane ikkje fekk press på seg til å skapa lokkande kurs og skapa blest om dei og skaffe så mange studentar som mogeleg. Men det går det an å få til på andre måtar, mellom anna ved tøffare evaluering av kurstilboda.

Problem 2 kan truleg minskast utan at vi fyrst løyser 1 og 3. Der-som forskarane tenkjer meir på korleis dei kan nå ut i samfunnet, og satsar meir på formidling, helst i kreative former, trur eg mange fag – inkludert mitt eige – kunne trekt vesentleg fleire studentar enn i dag. Det er jo ikkje slik at studentane berre går etter kva som gjev arbeid; dei går vel så mykje etter interesse, i heile eller delar av studiet. Den store søkinga til spansk som vi ser no, er eit døme på det; den kjem ikkje av at norsk arbeidsliv har fått så stor bruk for spansk kunnskap. Det folk har interesse for, kjem det alltid til å vera bruk for i ei viktig meining av «bruk for». Men vi får neppe forskarane til å popularisere mykje meir enn før utan at systemet fyrst blir endra, for i dag er det så godt som berre vitskapleg publisering som blir premiært ved tilsetjing og tildeling av forskingsmidlar. Det inneber eit press om å ikkje popularisere meir enn det «alibiet» komiteane krev at ein har. Denne mekanismen slår ekstra hardt ut

i små fag, fordi sjansane til å få fast stilling er så få. I mitt fag, til dømes, er det kanskje ti år mellom kvar utlysing av fast stilling. Då tenkjer kvar på seg og ikkje på at vi truleg kunne hatt større kake å dele (fleire stillingar) dersom alle populariserte meir.

Så er det problem 3. Etter mi vurdering ville arbeidsgjevarane tent på å tenkje annleis om kompetanse, slik dei faktisk gjer i Storbritannia. På same måten som ein barnehage blir betre av å ha ein del menn blant kvinnene og ei ingeniørbedrift blir betre av å ha ein del kvinner blant mennene, så ville mange bedrifter og etatar vorti betre av å ha ein del humanistar blant ingeniørane, økonomane, juristane, statsvitarane, mekanikarane og så bortetter. Arbeidsgrupper blir i regelen betre når dei er samansette av folk med ulik røynsle, ulik kompetanse, ulik kulturbakgrunn og ulik tilnærming-måte. Det er ekstra viktig i dagens arbeidsliv, som krev stadig nytenking. At somme i arbeidsgruppa er «på borte-bane» i sjølve saksfeltet, kan då vera ein fordel heller enn ei ulempe. Det vi treng, er meir tenking utanfor ramma, ikkje meir trasking i oppgatte spor.

ELDAR HEIDE,
Universitetet i Bergen

Sannhetssøking

FORSKERFORUM: I Forskerforum 1/ 2011 blir Gert Nygårdshaug intervjuet av Per Anders Todal. Nygårdshaug uttrykker mellom anna:

«– Gamle ml-ere som Tor Obrestad, Edvard Hoem og Espen Haavardsholm har henfalt til å skrive bøker om sin egen barndom, om mor og far og jeg vet ikke hva.

– Eg blir sint, for dei er så jævla dyktige skribentar. Når verda verkeleg treng dei, melder dei seg ut og sluttar å skrive politisk og samfunnsengasjert.»

